

REGULERINGSPLAN FOR MÅSØYRA

FØRESEGNER TIL PLAN DATERT 15. MAI - 2003

§1 Formål

Formålet med planen er å detaljere utbygginga i området med omsyn til trafikk, bygningar og grøntareal. Den vil og vere eit formingsverktøy ved bygg og anlegg i området.

§ 2 Innhald

Innhald i bebyggelsesplanen:

Byggeområde for industri
Byggeområde for offentlege bygg
Allmennyttig formål
Offentleg trafikkområde: køyreveg, parkering
Friområde: park, turveg, leik, opphald

§3 Byggeområde for industri

Industriområdet skal nyttast til verkstad med tilhøyrande kontor.

Det er ikkje tillate å bygge høgare enn det som er i dag.
Det er tillate å bygge inntil 12 meter vestover som vist på plankartet.

Tilbygg skal ha ei utforming og materialbruk som harmonerer med eksisterande bygg.

Uteområda til bebyggelsen skal opparbeidast som vist på plankartet.

Plassen sør for bygget kan byggast inntil 24 meter frå bygget. Utanfor denne linja kan plassen avsluttast med ei steinrekke. Området mellom steinrekka og elva skal ordnast naturlikt. Det er ikkje tillate med fylling ut i elva. Grupper av tre og busker skal få komme opp naturleg.

Nokre opningar er tillate for snørydding.

Området vest for bygget skal nærast bygget ha ein tilkomstveg med 4,5 meters breidde. Deretter inntil 13,5 meter med oppstillingsplass. Oppstillingsplassen skal avgrensast med ein 70 cm høg natursteinmur. Bakfylling til muren vert jordmassar.

Området nord for bygget, mot Måsøyrvegen, skal nyttast som tilkomst til bygget. Det skal ikkje brukast som oppstillings- eller lagerplass.

Mot friområdet i vest og nabo i aust skal plassen avsluttast med kantstein. I grensa mot nabo i aust og sør for trafo, skal det plantast ein tett, smal hekk som blir min. 2 meter høg.

§4 Offentlege bygg

I tillegg til eksisterande rensaneanlegg kan det byggast eit servicebygg o.a. som vist i planen. Bygget skal i form, farge og materialbruk harmonisere med rensaneanlegget.

§5 Offentleg trafikkområde

Offentlege trafikkområde skal anleggast som køyreveg og parkeringsplass som vist i planen.

Køyrevegen skal avsluttast med kantstein mot friområdet. Mot industriområdet kan overgangen vere i plan i asfalt.

Parkeringsplassen skal anleggast som vist på planen med kantstein mot friområdet.

§6 Allmennyttig formål

Allmennyttig formål skal nyttast til trafo som i dag. Ev. miljøtiltak på eller rundt trafoen er tillate.

§7 Friområde

Friområdet skal opparbeidast som vist på plankartet.

Strandsona og all eksisterande vegetasjon skal bevarast.

Mot industriområdet skal det i bakfyllinga til muren plantast tett med tre og busker.

I overgangen mellom strandsona og graset skal det leggast ei rekke med store steinar som skal halde på jordmassane innafor, som deretter skal såast og plantast til.

Elles i friområdet kan ein anlegge stiar, grillplass, sandkasse for leik og liknande som naturleg høyrer til i eit slik område.

§8 Utbyggingsrekkefølge

Forstøttingsmuren mot friområdet skal stå ferdig samtidig med evt. tilbygg på industribygget. Bakfyllinga skal deretter straks plantast til, tett med tre og busker som skjerm mot industriområdet.

Parkeringsplassen må bli anlagt samtidig med offentlig toalett.

Friområdet kan anleggast uavhengig av andre tiltak.